

Vår saksbehandlar: Svanhild Øvrebust Krohn

Vår dato:  
05.12.2019  
Dykkar dato:  
04.12.2019

Vår referanse:  
2019/13910  
Dykkar referanse:

Radøy kommune

## Tilskottsbrev for 2019 – Tilskott til leirskoleopplæring

Statsbudsjettet for 2019 vart vedteke av Stortinget i desember 2018. Vedtaka går fram av Stortingets behandling av Innst. 12 S (2018 – 2019) og Prop. 1 S (2018 – 2019) for Kunnskapsdepartementet. I Statsbudsjettet er det på kap. 225 post 66 løyvt i alt 54,343 mill. kroner til leirskoleopplæring i 2019.

### Vedtak om tilskottstildeling til Radøy kommune for leirskoleopplæring i 2019

På grunnlag av Radøy kommune sin registrering av leirskoleopplæring for våren 2019 og/eller for hausten 2019 i GSI - Grunnskolens Informasjonssystem pr.

Grunnlag	Antall/sum	Periode	Sats	Beregnet tilskudd
Beregnet tilskudd	3,00	Jan-Des	19 161,80	<b>57 485,00</b>
<b>Totalt:</b>	<b>3,00</b>			<b>57 485,00</b>

Tilskottet er innvilga som eit samla tilskott til leirskoleopplæring for 2019 til Radøy kommune, og vil bli utbetalt til kommunens bankkonto 36360700776 i løpet av desember 2019.

### Vilkår for tilskott til leirskoleopplæring

I samsvar med opplæringslova § 2-3 første lekken kan ein del av undervisningstida nyttast til leirskoleopplæring. Med iverksetjing frå 01.08.2019 er leirskoleopplæring lovfesta som ein del av grunnskoleopplæringa, sjå opplæringsloven § 13-7 b.

Den øremerka løyvinga i Statsbudsjettet for 2019 på 54,343 mill. kroner skal fordelast på kommunar som har gjeve leirskoleopplæring til sine elevar i vårhalvåret og/eller i hausthalvåret 2019. Med leirskole meiner vi i denne samanhengen leirskoleopplæring ved bemanna leirskole eller annan aktivitet med varigheit på minst tre overnattingar i samanheng. Med «annen aktivitet» meiner vi her til dømes ekskursjonar eller turar som er ein del av grunnopplæringa.

Det er kommunane som er tilskuddsmottakarar i ordninga. Målgruppa er elevar ved kommunale og interkommunale grunnskolar, og elevar ved institusjonar der fylkeskommunen er ansvarleg for grunnskoleopplæringa.

Registrering av leirskoleopplæring er ein del av rapporteringa i GSI - Grunnskolens Informasjonssystem, jf. fane I-Diverse, radene 7-9.

For at eit leirskoleopphald skal kunne vere grunnlag for registrering i GSI, og for tildeling av tilskott til kommunen for leirskoleopplæring, må desse kriteria vere oppfylte:

- Opphaldet må strekkje seg over minst 3 overnattingar i samanheng
- Det må ha blitt gjeve leirskoleopplæring i minimum 4 dagar, med minst 5,5 klokkeimar undervisning pr. dag.
- Kvar elev kan berre bli registrert som leirskoleelev éin gong i løpet av eleven sine 10 år i grunnskolen.
- Det er ei eiga tilskottsordning for skoleturar til tidlegare konsentrasjonsleirer frå andre verdskrigen, og slike turar for 8.-10. trinn skal ikkje registrerast som leirskoleopplæring i GSI.

Vi viser til nærare informasjon om tilskottsordninga til leirskoleopplæring på Utdanningsdirektoratet si nettside <https://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/midler-kommuner/tilskudd-til-leirskoleopplaring/>

I Statsbudsjettproposisjonen for 2020 er det forslag om at tilskott til leirskoleopplæring frå og med 2020 skal innlemmast som del av kommunane sine rammetilskott, jf. Prop 1 S (2019-2020) for Kunnskapsdepartementet, side 92.

### **Berekninga av tilskott for 2019**

Som det går fram av vår nettsideinformasjon om tilskottsordninga, er det Utdanningsdirektoratet som frå og med 2018 bereknar, tildeler og utbetalar tilskott til kommunane for leirskoleopplæring. Tilskott til den enkelte kommune blir berekna på grunnlag av kommunen si eiga rapportering i GSI pr. 01.10.2019 av talet på elever som har vore på leirskole i vårhalvåret 2019 og/eller i hausthalvåret 2019.

Tilskottet til leirskoleopplæring er berekna per halvår. Talet på leirskoleelevar i den enkelte kommune er fordelt på tilskottsgrupper, med ein fordelingsfaktor på 22 elevar per tilskottsgruppe.

Heile budsjettløyvinga til leirskoleopplæring for 2019, 54,343 mill. kroner, er fordelt på summen av kommunane sine tilskuddsgrupper i 2019. Tilskottssatsen utgjør etter dette kr 19.161 per gruppe for 2019.

Ved utrekning av tilskott til den enkelte kommune, er talet på tilskottsgrupper for våren 2019 og deretter for hausten 2019 multiplisert med denne tilskottssatsen. Sjå vedtaket foran på side 1, som viser utrekninga av tilskott til Radøy kommune.

### **Andre vilkår for tilskottstildelinga**

Tilsegnet om tilskott er gjeve med atterhald om at Stortinget kan vedta endringar i Statsbudsjettet for kap. 225 post 66 – Tilskott til leirskoleopplæring for budsjettåret 2019.

Vi krevjer ikkje at Radøy kommune skal gje annan rapportering om leirskoleopplæringa enn det som går fram av GSI. Men kommunen er pliktig til å oppbevare rekneskapsmaterieil og annan dokumentasjon for leirskoleopphaldet, for eventuell kontroll.

Utdanningsdirektoratet kan kontrollere at midlane blir nytta i samsvar med vilkåra, jf. § 10 i Bevilgningsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos tilskottsmottakarar for å kontrollere at tilskottet er nytta som føreset, jf. § 12 tredje leiken i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Om Radøy kommune ikkje har gjeve riktige opplysningar, har brukt midlane i strid med føresetnadene, eller på annan måte har brutt vilkåra for tilskottet, kan Utdanningsdirektoratet halde tilbake tilskott eller krevje det tilbakebetalt. Ved feil utrekning eller utbetaling av tilskott kan tilskott bli kravd tilbakebetalt.

For regelverk og annan informasjon viser vi til Utdanningsdirektoratets nettside

[www.udir.no](http://www.udir.no)

Med helsing

Bjørn Erik Rasmussen  
avdelingsdirektør

Svanhild Øvrebust Krohn  
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent